



MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 19.04.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Orienteringar

Orientering frå kommunedirektøren

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
05/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
06/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
07/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
07/2022.1	Oversyn for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar per 1. april 2022
07/2022.2	Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling
08/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GARDSLEIR VED HESJEDAL GARD I SOMMARFERIEN 2022
09/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL MUSIKKFESTIVAL PÅ STANGHELLE SOMMAREN 2022
10/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVIKLING AV PERMANENT HISTORISK UTSTILLING I GRENDAHUSET LJOSHEIM
11/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å GJERE "BRØRVIKSKUTO" SJØDYKTIG ATT - KOLFYRPROSJEKTET
12/2022	HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV KLAPPSTOLAR FOR BRUK PÅ "VINTERTREFFET" - VAKSDAL UNDERHALDNINGSLAG

11. april 2022

Edvin Hesjedal
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/469

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/469

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 08.03.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL

BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 08.03.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalseiar
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Renathe Vik	SP	Varamedlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Line Eide Vik	SP	Renathe Vik
Mona Grenasberg	SV	Erlend Hesjedal-Johannessen

Andre møtande:

Kommunalsjef Digitalisering, innovasjon og samfunn Åse Elin Myking

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2022	REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING
04/2022	ORIENTERINGAR



01/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

BYG - sak 01/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

BYG - sak 02/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2022: REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR TILSKOT TIL BYGDEUTVIKLING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1: Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling vert vidareført.



Alternativ 2: Det vert gjort følgjande endringar i retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling:

Bygdeutviklingsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Edvin Hesjedal la fram følgjande forslag til revidering av retningslinjer:

1.

Løyvingar i bygdeutviklingsutvalet

Enkeltprosjekt kan maksimalt tildelast kr 75.000,-

2.

Under hovudpunkt "Kva kan det søkast midlar til"

* Varige permanente prosjekt og til hjelp i tunge faser, vert endra til: Varige permanente prosjekt og til hjelp ved oppstart.

* Materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt, stader, vert endra til : Materiell og utstyr til dugnadsbasert opprustning av offentleg tilgjengelege areal

Nytt punkt

* Prosjektet må ha planlagt oppstart i same - eller påfølgjande kalendereår som søknaden vert innvilga.

Første tilleggsframlegg frå Edvin Hesjedal vart trekt.

Utvalet la fram følgjande forslag til revidering av retningslinjer:

Under hovudpunkt "Kva kan det søkast midlar til"

Varige permanente prosjekt og til hjelp i tunge faser, vert endra til: Varige permanente prosjekt, og til hjelp ved oppstart.

Materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt, stader, vert endra til : Materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt

Nytt punkt

Prosjektet må ha planlagt oppstart i same - eller påfølgjande kalendereår som søknaden vert innvilga.

Nytt

Lag/organisasjonar/verksemder,

Ståle Hesjedal, Ap la fram følgjande endringsframlegg:

Kven som får søkje vil bli revidert av bygdeutviklingsutvalet i januar 2021, vert endra til "Retningslinjene vert evaluert av utvalet ved slutten av valperioden"

Fellesframlegg med tekstmessige endringar og nye punkt vart samrøystes vedtatt.

Endringsframlegg frå Ståle Hesjedal vart samrøystes vedtatt.

BYG - sak 03/2022 Vedtak/Tilråding:



Det vert gjort følgjande endringar i retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling:

Endringar i tekst:

Varige permanente prosjekt og til hjelp ved oppstart.

Materiell, utstyr til ulike prosjekt.

Lag/organisasjonar/verksemdar (med org.nr), med plan for gjennomføring og budsjett kan det (del)utbetalast i forkant.

Nye punkt:

Prosjektet må ha planlagt oppstart i same - eller påfølgjande kalenderår som søknaden vert innvilga.

Retningslinjene vert evaluert av utvalet ved slutten av valperioden

04/2022: ORIENTERINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Bygdeutviklingsutvalet 08.03.2022

Behandling:

Kommunalsjef orienterte om status for trafikksikring på Dale, arbeidet med flaumskade på fotballbana på Vaksdal og om områdeplanane som pågår.

Utvalet bad om ei oversikt over gjennomførte prosjekt og status utbetalningar for utvalet si tilskotsordning kvart halvår.

BYG - sak 04/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	22/469

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
07/2022.1	Oversyn for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar per 1. april 2022
07/2022.2	Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Notat

Til Åse Elin Myking
Kopi til:

Saksbehandlar: Samfunnsutvikling/Tore Henrik Øye
Vår referanse: 22/458 - 22/3881
Dato: 05.04.2022

EMNE: Oversyn for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar per 1. april 2022

Etter spørsmål frå Bygdeutviklingsutvalet vert oversyn for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar per 1. april 2022, presentert i det følgjande:

Søknads-omg.	Søkjar	Tiltak	Løyvd tilskot	Utbetalt
Juni -20	Farfars Reklamebyrå	Turbrosjyre	15 000,-	15 000,-
Haust -20	Stamnes Dronefoto	Filmprosjekt: Vaksdal som buplass	7 000,-	7 000,-
Haust -20	Mylder Gjenbruksbutikk	Tilrettelegging, oppstart	15 000,-	15 000,-
Haust -20	Stølsvegen Venelag	Restaurering, stølssti	75 000,-	75 000,-
Haust -20	Vaksdal Ungdomsklubb	Datautstyr m.m.	20 000,-	19 271,-
Vår -21	Stamnes Idrettslag	Innkjøp kajakk + kurs	15 000,-	15 000,-
Vår - 21	Stanghelle Kultur	Konsertar m.m	30 000,-	29 614,-
Vår -21	Grendahuset Ljosheim	Reparasjon av tak	100 000,-	
Vår -21	Kero	Rest. «Det gamle slakthuset», møterom/museum	50 000,-	
Vår -21	Stamnes Dronefoto	Nettsida om Vaksdal kommune som bustad	15 000,-	15 000,-
Vår -21	Bergsdalen Bygdalag	Tretalt v/ Skarvavatnet m.fl	15 000,-	
Vår 21	Bergsdalen Ungdomslag	Vøling/vedlikehald, Fjellheim ungdomshus	50 000,-	
Vår -21	Vaksdal barne- og ungdomskorps	LAN-arrangement, Turbinen	15 000,-	
Vår - 31	Vaksdal Turlag	Gapahuk, bål plass, Dalegarden	35 000,-	
Haust -21	Gåsedammens Venner	Tilrettelegging v. Gåsedammen	30 000,-	
Haust - 21	Vaksdal Eldreråd	Repr. turveg Johagen	32 000,-	
Haust- 21	Stølsvegen Venelag	Tilretteleggingstiltak ved sti	10 000,-	10 000,-
Haust -21	Straume Ungdomshus	Nytt tak	50 000,-	50 000,-
Haust -21	Stamnes Idrettslag	Aktivitetspark	22 000,-	
Haust -21	Stamnes Idrettslag	«Allaktivitetshuset»	31 500,-	
Haust -21	Eidslandet Grendalag	Div. innkjøp – aktivitetar	20 000-	
Haust -21	Stanghelle Ungdomsklubb	Innkjøp datautstyr	14 500,-	

Med helsing

Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk



Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling

LØYVINGAR I BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

- Løyving av tilskot til søknader med søknadssum under 15 000 kr kan skje i kvart møte.
- Løyving av tilskot til søknader over 15 000 kr skjer to gongar i året, mars og sept.
- Minimum søknadssum for løyving er kr 5 000.

KVA KAN DET SØKJAST OM MIDLAR TIL?

Midlane skal tildelast allmenntilgjengelige føremål, stimulera til aktivitet i bygdene, levande bygdeliv. Midlane skal koma mange til gode, skape trivsel, aktivitet og vere ope og tilgjengeleg for alle.

- Stønad til konkrete prosjekt/tiltak/aktivitet og ikkje til generell drift.
- Varige, permanente prosjekt og til hjelp ved oppstart.
- Materiell, utstyr, opprusting til ulike prosjekt.
- Stønad til kurs og kompetanseutvikling.
- Midlane kan løyvast i tillegg til andre søknadsordningar, som til dømes tildeling av spelemidler m.m.
- Prosjektet må ha planlagt oppstart i same - eller påfølgjande kalenderår som søknaden vert innvilga

Løyvinga vert gjeve som ein eingongssum. Kommunen pliktar ikkje å støtte tiltaket med vidare vedlikehaldskostnader.

KVEN KAN SØKJE MIDLAR?

- Frivillige lag og organisasjonar
- Private
- Verksemdar

BU ønskjer å opne opp for at både private og bedrifter kan søkja, dersom søknaden innfrir i kriteria om kva det kan søkjast midlar til. Kven som får søke vil bli revidert av bygdeutviklingsutvalet i januar 2021.

KRITERIAR FOR TILDELING

- Geografisk spreiding ved fordeling av midlar når det er mogleg.
- Prioritere bygder som ikkje har fått tildeling tidlegare.
- Søknadene vert vektat ut frå kriteria for løyvingar.

Utvalet vil ta omsyn til geografi og målgruppe ved tildeling av tilskot ved løyvingar som vert gjort to gongar i året.

KRAV TIL ALLE SØKNADAR

Søknad og dokumentasjon

- Søknad skal sendast til post@vaksdal.kommune.no
- Søknad må merkast – Søknad bygdeutviklingsutvalet
- Krav om (enkelt) budsjett og anna dokumentasjon.
- Plan for evt. vedlikehaldskostnader må søkjar legge ved.
- Dokumentasjon på eigeninnsats.
- Kva tiltaket gjeld
- Kven som har ansvar for tiltaket

KRAV TIL SAKSHANDSAMING / SAKSUTGREIING

Krav til ordinær sakshandsaming etter kommunelova. Søknadane vert handsama i tråd med retningslinene - utvalet får så saka til avgjerd.

UTBETALING

Lag/organisasjonar/verksemdar (med org.nr), med plan for gjennomføring og budsjett kan det (del)utbetalast i forkant.

Privatpersonar - på bakgrunn av dokumentasjon og kvitteringar i etterkant av tiltaket/aktiviteten.

For alle som får tildelt midlar, må dokumentasjon på tiltaket sendast inn innan tre veker etter at det er fullført.

Retningslinjene vert evaluert av utvalet ved slutten av valperioden.

Vedteke i Utval for bygdeutvikling, 08.03.22, sak 03/2022



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223	22/194

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GARDSLEIR VED HESJEDAL GARD I SOMMARFERIEN 2022

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Arrangere dagsleir på Hesjedal Gard sommaren 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunniva Gammersvik og Elisabeth Vik Hesjedal vert tildelt inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av gardsleir ved Hesjedal Gard for skuleborn, sommaren 2022 (27.06 - 01.07). Løyvinga utgjer 54 % av budsjetterte kostnader på kr. 55 000,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta, og er knytt til budsjetterte utgifter. Lågare, dokumenterte utgifter kan gje lågare tilskot.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til kostnadane i søknaden.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling etter søknad i 2022.

Sunniva Gammersvik og Elisabeth Vik Hesjedal søker om kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gardsleir for skuleelevar i sommarferien -22, frå 27.06 til 01.07. Samlinga skal haldast ved Hesjedal Gard, med vekt på trening og stell av hest og hund. Det er plass til 10 deltakarar.

Kostnadane med leiren er rekna til kr. 55 000,-, og eit tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet skal nyttast til å redusere deltakaravgifta.

Kommunedirektøren vurderer at leiren er i samsvar med føremålet til bygdeutviklingsmidlane. Det vert lagt spesiell vekt på at tiltaket er aktivitetsfremjande og meint for born, med læring og meistring som viktig innhald.

Kommunedirektøren går inn for å løyve inntil kr. 30 000,- i tilskot, i samsvar med søknadsbeløpet. Løyvinga utgjer 54 % budsjetterte kostnader.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling mellom søkjarar i 2022.

I søknad av 14.02.22 søker Sunniva Gammersvik og Elisabeth Vik Hesjedal om kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å gjennomføre gardsleir ved Hesjedal Gard for born frå 5. klasse og oppover. Søknaden utgjer 54 % av budsjetterte kostnader på kr. 55 000,-. Tilskot skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta, slik at leiren vert rimelegare å vere med på. Det er òg søkt om tilskot frå andre kjelder.

Planen er gjennomføre leiren frå 27.06 til 01.07.22. Leiren er meint for dei med interesse for hund og hest. Søkjarane skal vere arrangørar, og har sjølv kompetanse innanfor felta. Sunniva Gammersvik, som skal ha ansvaret for hesteaktivitetane, har drive med hest sidan barndommen. Ho har gått på Voss jordbruksskule, og er utdanna musikkpedagog.

Elisabeth Vik Hesjedal driv Hesjedal Gard. Garden er godkjent som "Inn på tunet-gard", og er tilrettelagt for ulike aktivitets- og opplæringsstilbod. Elisabeth er utdanna vernepleiar, hundetrenar og instruktør, og skal ha ansvaret for aktivitetane knytt til hund. Gjennom sitt daglege arbeid kjenner ho godt til å ha grupper på garden, for ulike opplevingar og pedagogiske opplegg.

Leiren har plass til 10 deltakarar, med tilbod heile veka, frå måndag til fredag. Det vil bli lagt vekt på grunnleggjande opplæring i handtering, trening og stell av hest og hund. Føremålet er å gje eit praktisk, opplevingsrikt og lærerikt tilbod for deltakarane.

BUDSJETT/ØKONOMI

Kostnadane med tiltaket er budsjettert til kr. 55.000,-, fordelt på følgjande utgifter og inntekter:

UTGIFTER		INNTEKTER
Leige av anlegg:	kr. 5 000,-	
Mat og diverse:	kr. 5 000,-	
Løn til assistentar	kr. 5 000,-	
Løn til to instruktørar	kr. 40 000,-	
Deltakarinntekter		kr. 55 000,-
SUM	kr 55 000,-	kr. 55 000,-

Eit tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta, slik at terskelen for å delta vert lågare enn elles. Det er òg søkt Stamnes Idrettslag og "Liv og Lyst" om tilskot til same føremål.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet”, vedtekne 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden om tilskot til gardsleir i sommarferien innfrir tilskotsordninga sine retningslinjer om krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna lag/organisasjonar og enkeltpersonar).

I følgje retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane vere til ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike kurs, møteplassar og samlingar. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for “alle”. I dette høve vart det på strategimøtet i Bygdeutviklingsutvalet den 8. mars, semje om å leggje spesiell vekt på aktivitetsfremjane tiltak og prosjekt.

Kommunedirektøren vurderer at gardsleiren det vert søkt om midlar til, samsvarer godt med føremålet som bygdeutviklingsmidlane skal fremje. I dette høvet vert det vektlagt at leiren er for born, og at den skal haldast i sommarferien, som eit tilrettelagt aktivitetstilbod med fokus på oppleving, læring og meistring.

Bruk av moglege tilskotsmidlar til å finansierer/reducere deltakaravgifta, vert sett på som ei god innretting.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjene seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved fordeling av midlane, og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Fleire søkjarar kring Stamnes har motteke midlar, men ikkje gjeldande søkjar. Tidlegare løyvingar til området vert ikkje vesentleg vektlagt ved handsaming av søknaden.

Grunna innhald og karakter, prioriterer Kommunedirektøren gardsleiren høgt, og går inn for å tildele kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar, i tråd med søknadsbeløpet (54 % finansiering).

Søknad om stønad til gardsleir i sommarferien

27.6-1.7(veke 26) ynskjer me å arrangera dagsleir ved Hesjedal Gard, i Hesjedalen på Stamnes. Leiren er tenkt for born frå 5. klasse (hausten 2022) og oppover, og som har ei ekstra interesse for hest eller hund.

Budsjett

Inntekt:

Deltakeravgift 5500,- * 10 = 55 000,-

Utgifter:

Leige av anlegg 5000,-

Mat og diverse 5000,-

Lønn til to assistentar 5000,-

Lønn til to instruktørar 40 000,-

Me søkjer med dette om inntil 30 000,- til å dekkje delar av deltakeravgifta. Ved at leiren då vert rimelegare for deltakarane, får ein inkludert fleire, som kanskje ikke har økonomi til å sende borna på leir til full pris. Me har og søkt Stamnes idrettslag og Liv og Lyst Stamnes om stønad. Sil betaler 1000 kr av deltakeravgift for dei som bur på Stamnes. Liv og Lyst har me ikke fått tilbakemelding fra endå.

Litt om oss som søkjer:

Sunniva Gammersvik er oppvaksen på gard på Stamnes og har drive med hest og riding heile livet. Ho gjekk på Voss jordbruksskule på vidaregående og har lang erfaring som avløysar ved garden heime. Ho er utdanna musikkpedagog og har mellom anna arbeida som musikk lærar og som assistent. På leiren kjem Sunniva til å ha hovedansvar for hesteaktivitetane.

Elisabeth Vik Hesjedal driv Hesjedal gard, som er ein godkjend Inn på tunet gard, og har til dagleg tilbod til skuleelevar, og aktivitetstilbod for blant anna barnevernet. Er utdanna vernepleiar, hundetrener og instruktør, og kjem til å ha ansvaret for hundeaktivitet på leiren.

Litt om opplegget

Me har plass til 10 deltakarar fordelt på to grupper. Leiren varer frå klokka 9 til klokka 15 mandag- fredag i veke 26. Det vert to økter med aktivitetar kvar dag samt ein lengre matpause midt på dagen.

Leiren kjem til å ha hovedfokus på grunnleggjande opplæring i handtering, trening og stell av hest og hund. I tillegg noko stell av dei andre dyra på garden.

Håper dette kan vera interessant for bygdeutviklingsutvalet å støtte. Ta kontakt ved spørsmål, og ta gjerne ein tur innom heimesida til Hesjedal gard www.hesjedalgard.no

Helsing

Elisabeth Vik Hesjedal (90 55 72 61)

Og Sunniva Gammersvik (97 51 90 20)



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		22/157

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL MUSIKKFESTIVAL PÅ STANGHELLE SOMMAREN 2022

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Arrangere festival på Stanghelle sommaren 2022
Enkelt budsjett festival stanghelle
Søknad bygdeutviklingsutvalet -endringar
Oppdatert enkelt budsjett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bando Foodtuck AS, v/ Torje Midtsæter, får tildelt kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av musikkfestival, planlagt til Stanghelle kai den 30. juli 2022.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga er eit eingongstilskot, og skal nyttast til å gjere avtalar om teknisk drift av festivalen, jf. saksutgreiing. Tilskotet kan betalast ut på førehand. Det må ettersendast rapport med kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga er ikkje knytt til eit fast tidspunkt eller ein fast stad for festivalen, med den må haldast i Vaksdal kommune. Føresetnaden er at naudsynte løyve er på plass.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert løyvinga trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling etter søknad i 2022.

Bando Foodtruck AS, v/ Torje Midtsæter, søker om kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å halde musikkfestival den 30 juli -22, fortrinnsvis på Stanghelle kai. Festivalen er spesielt meint for publikum i alderen 18 - 28 år.

Tilskotet det vert søkt om, skal nyttast til utgifter med scene, lyd og lys, og det er bede om utbetaling på førehand. Dette for å kunne gjere avtale med leverandør.

Kommunedirektøren vurderer at musikkfestivalen er i tråd med føremålet som bygdeutviklingsutvalet skal fremje, med spesiell vekt på aktivitetar og opplevingar.

Innstillinga er å løye kr. 75 000,- til tiltaket, i tråd med søknaden, og med høve for førehandsutbetaling.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med kr. 500 000,- til fordeling mellom søkjarar i 2022.

I søknad av 07.02.22 søker Bando Foodtruck AS ,org. nr. 928237109, ved Torje Midtsæter, om kr. 75 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å arrangere musikkfestival på Stanghelle kai, laurdag 30 juli -22.

Føremålet med tiltaket er å skipe til eit underhaldande, kulturelt arrangement, spesielt retta mot eit ungt publikum (18 – 28 år), etter lang tid utan sosiale og kulturelle møteplassar som følgje av koronapandemi.

Målet til arrangøren er å få avtale med tre artistar/grupper til festivalen, i tillegg til å involvere lokale band.

Søkjar har teke kontakt med kommunen og Bane Nor om bruk av Stanghelle kai som festivalområde, mellom anna om praktiske og tryggleiksmessige forhold. Avtale om bruk av plassen er ikkje gjort endå, og alternative festivalområde kan bli vurdert.

Søkjar har sett opp eit førebels kostnadsoverslag:

- Scene, lyd, lys : kr. 146 000,- eks mva.
- Tryggleik : kr. 30 000,- eks mva
- Honorar til artistar (3 stk) : kr. 150 000,- eks mva.
- Leige av hjelp : kr 30 000,-
- Innkjøp, varelager : kr. 30 000,- eks mva
- Leige av kai, marina – straum : kr. 10 000,- eks. mva

SUM UTGIFTER : kr. 416 000,-

I følgje søknaden er målet å finansiere arrangement med bilettinntekter, men det vil vere naudsynt med eksterne tilskot, mellom anna for å dekkje utgifter før biletsalet startar, spesielt knytt til tekniske forhold.

Eit evt. tilskot frå kommunen skal nyttast til å signere kontrakt om levering av scene, lyd og lys i førekant av arrangementet. Det vert difor bede om utbetaling av tilskot på førehand.

Arrangøren vil nytte kr. 50 000,- av egne midlar. I tillegg vert det lagt ned mange timar til planlegging.

Målet til søkjar er å skape noko positivt for “stanghellebygda” og heile Vaksdal, gjennom mange deltakarar, også tilreisande, og god reklame for kommunen.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet, vedtekne 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden om tilskot til planlagt musikkfestival laurdag 30 juli -22, er i samsvar med bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer om krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna lag/organisasjonar).

I følgje retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane vere til ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike kurs, møteplassar og samlingar. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for “alle.

Kommunedirektøren vurderer at musikkfestivalen som vert planlagt, er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål. Arrangementet vil skape oppleving og kulturell formidling i kommunen, og utgjere eit spanande underhaldningstilbod, både for lokale og tilreisande deltakarar. Det vert òg vektlagt at arrangementet er nytt i sitt slag, etter kva kommunedirektøren erfarer. I dette høvet vert tilskot som legg til rette for - og stimulerer til - nyetableringar, sett på som nyttig bruk av midlane.

Det går fram av søknaden at stad for arrangementet, med innhenting av naudsynte løyve, ikkje er endeleg avklart. Heller ikkje programmet for festivalen. Dette vert ikkje vurdert som avgjerande for løyving av eit tilskot. Det vil ikkje vere naturleg å setje vilkår om tid eller stad for festivalen, berre den vert arrangert innanfor kommunen. Føresetnaden er likevel at naudsynte løyve kjem på plass.

Fra: Torje Midtsæter <sliceatanghelle@gmail.com>
Sendt: mandag 7. februar 2022 11:33
Til: Postmottak Vaksdal
Emne: Søknad bygdeutviklingsutvalet
Vedlegg: Enkelt busjett festival stanghelle.pdf

Hei

Me ynskjer å søke støtte til å arrangere festival på Stanghelle i sommar. Me ønsker å kunne samle så mange så mulig og skape eit kjekt arrangement særleg for dei unge i kommunen. Me ønsker å hente inn annerkjente artistar som kan lage eit bra show, og samle mange folk som ikkje har vært gjort sidan før pandemien. Me har valgt å fokusere på dei unge mellom 18-28 år, då me trur at mange av dei føler dei har gått glipp av masse opplevsar gjennom pandemien og kanksje har størst behov for å treffast i sommer.

Festivalen skal etter planen arrangerast på kaien på Stanghelle, Lørdag den 30.juli. Her har me vært i dialog med kommunen og Bane nord om å låne areal på kaien. Me har vært i dialog med fleire forskjellige artistar og me sikter oss inn på å samle tre forskjellige artistar til festivalen, og så håpar me å få med nokre lokale band i tillegg.

Dei som er ansvarlige for dette tiltaket er Frikk Midtsæter, Torje Midtsæter og Jan Ove Vasstveit. Festivalen vært arrangert gjennom selskapet Bando Foodtrucks AS org.nr 928 237 109 (Navnet på selskapet skal endrast før festivalen).

Me har ikkje eit endeleg budsjett då artistar ikkje er fastsett endå, men me har ein grei oversikt over kor store utgifter me får. Me håper selvfølgelig og kunne dekke alle utgifter med billettinntekter, men me er avhengig av å få inn litt støtte fra sponsorar og eller støtte fra kommune eller liknande for å få midler til utgifter som må betalast før billettsalet kan starte. Det mest kritiske for oss no er å få dekke utgifter med scene, lyd og lys så 50% av leia må betalast ved signering av kontrakten. Denne utgifta kjem på 75 000, og bør betalast snarast slik at me kan få kontrakter på plass.

Enkelt busjett er vedlagt i mailen.

Når det gjeld dokumentasjon på egeninnsats så har me foreløpig ikkje hatt nokre utgifter me kan dokumentere. Men me har allerede lagt ned mange arbeidstimar i planleggingsfasen, og kjem til å legge ned mange fleire. Me har også sett av 50 000 av våre egne pengar til prosjektet, men me er avhengig av andre midler fram til me får inntekter frå billettsal.

Me håper at de har mulighet til å hjelpe oss med midlar til å gjennomføre prosjektet, då me trur at det kjem til å bli noko positivt for Stanghellebygda og heile kommunen. I tillegg til at me trur me skal klare å få folk frå andre plassar til å reise til Stanghelle for å delta på festivalen, som fohåpentlegvis blir god reklame for Stanghelle og kommunen 😊

I utgangspunktet søker me om dei 75 000 me treng for å få signert kontrakt med bergen lyd, for å få på plass scene, lyd og lys. Men me har som sagt nokre midler sjølv, me håpar å kunne motta støtte relativt raskt, men det hjelper også om me får garanti på at søknaden blir godkjent eller delvis godkjent, då det vil gjere det lettare å få midlar andre stader. Dersom de har mulighet til å tilby oss eit lån fram til me har fått inn billettinntekter er dette også noko som hadde vore til stor hjelp.

Helsing Torje Midtsæter

Enkelt budsjett festival stanghelle

Scene , lyd og lys	146 000 eks mva	*50% må betalast ved signering av
Sikkerhet	30 000 eks mva	Betales etter
Artist 1 ink rider	90 000 eks mva	Betales etter
Artist 2 ink rider	30 000 eks mva	Betales etter
Artist 3 ink rider	50 000 eks mva	Betales etter
Innleid dugnadsarbeid	30 000	Betales etter
Innkjøp varelager	30 000 eks mva	Betales før arrangement
Leie av kai, marina og strøm	10 000 eks mva	Betales etter
Sum utgifter	416 000	

' kontrakt

Fra: Torje Midtsæter <sliceatanghelle@gmail.com>
Sendt: lørdag 2. april 2022 12:22
Til: Postmottak Vaksdal
Emne: SV: Søknad bygdeutviklingsutvalet
Vedlegg: Oppdatert enkelt budsjett .pdf

Hei

Etter me sendte søknaden har de skjedd litt endringar som me ønsker å få med i søknaden før den skal behandlast.

Endringane som har skjedd er:

- Flytting av arena fra kaien på Stanghelle til Geitabakken på Dale.
- Endring av navn fra «Holmen på Stanghelle» til «Elvebrus – festivalen på Geitabakken»
- Me prøver no å få til verge-ordning slik at dei under 18 år også kan få glede av tilbudet, og som vil utvide kulturtilbudet for denne aldersgruppa i kommunen betraktelig.
- Liten økning i budsjett fra 416 000 til 491 000.
- Det blir camp i forbindelse med festivalen for å legge bedre til rette for dei som kjem fra utenfor kommunen, i tillegg er det tenkt å sette opp shuttlebuss dersom etterspørselen er stor nok.

Utover dette gjeld det som står i den opprinnelige søknaden, me søker om 75 000 kr for å hjelpe med å få prosjektet opp å gå. Me har ambisjoner om å gjere arrangementet til et årlig arrangement, men me er avhengig av eit første år uten for store underskudd for å kunne få dette til, og å gjere det større og bedre til neste år eventuelt.

Me planlegg også å endre dato neste år for å unngå kollisjon med Fiskefestival på Stamnes.

Helsing Torje Midtsæter / Elvebrus-festivalen

Fra: [Torje Midtsæter](#)
Sendt: mandag 7. februar 2022 kl. 11:32
Til: post@vaksdal.kommune.no
Emne: Søknad bygdeutviklingsutvalet

Hei

Me ynskjer å søke støtte til å arrangere festival på Stanghelle i sommar. Me ønsker å kunne samle så mange så mulig og skape eit kjekt arrangement særleg for dei unge i kommunen. Me ønsker å hente inn annerkjente artistar som kan lage eit bra show, og samle mange folk som ikkje har vært gjort sidan før pandemien. Me har valgt å fokusere på dei unge mellom 18-28 år, då me trur at mange av dei føler dei har gått glipp av masse opplevsar gjennom pandemien og kanksje har størst behov for å treffast i sommer.

Festivalen skal etter planen arrangerast på kaien på Stanghelle, Lørdag den 30.juli. Her har me vært i dialog med kommunen og Bane nord om å låne areal på kaien. Me har vært i dialog med fleire forskjellige artistar og me sikter oss inn på å samle tre forskjellige artistar til festivalen, og så håpar me å få med nokre lokale band i tillegg.

Dei som er ansvarlige for dette tiltaket er Frikk Midtsæter, Torje Midtsæter og Jan Ove Vassstveit. Festivalen vært arrangert gjennom selskapet Bando Foodtrucks AS org.nr 928 237 109 (Navnet på selskapet skal endrast før festivalen).

Me har ikkje eit endeleg budsjett då artistar ikkje er fastsett endå, men me har ein grei oversikt over kor store utgifter me får. Me håper selvfølgelig og kunne dekke alle utgifter med billettinntekter, men me er avhengig av å få inn litt støtte fra sponsorar og eller støtte fra kommune eller liknande for å få midler til utgifter som må betalast før billettsalet kan starte. Det mest kritiske for oss no er å få dekkja utgifter med scene, lyd og lys så 50% av leia må betalast ved signering av kontrakten. Denne utgifta kjem på 75 000, og bør betalast snarast slik at me kan få kontrakter på plass.

Enkelt busjett er vedlagt i mailen.

Når det gjeld dokumentasjon på egeninnsats så har me foreløpig ikkje hatt nokre utgifter me kan dokumentere. Men me har allerede lagt ned mange arbeidstimar i planleggingsfasen, og kjem til å legge ned mange fleire. Me har også sett av 50 000 av våre egne pengar til prosjektet, men me er avhengig av andre midler fram til me får inntekter frå billettsal.

Me håper at de har mulighet til å hjelpe oss med midlar til å gjennomføre prosjektet, då me trur at det kjem til å bli noko positivt for Stanghellebygda og heile kommunen. I tillegg til at me trur me skal klare å få folk frå andre plassar til å reise til Stanghelle for å delta på festivalen, som fohåpentlegvis blir god reklame for Stanghelle og kommunen 😊

I utgangspunktet søker me om dei 75 000 me treng for å få signert kontrakt med bergen lyd, for å få på plass scene, lyd og lys. Men me har som sagt nokre midler sjølv, me håpar å kunne motta støtte relativt raskt, men det hjelper også om me får garanti på at søknaden blir godkjent eller delvis godkjent, då det vil gjere det lettare å få midlar andre stader. Dersom de har mulighet til å tilby oss eit lån fram til me har fått inn billettinntekter er dette også noko som hadde vore til stor hjelp.

Helsing Torje Midtsæter

Oppdatert budsjett minifestival

Scene , lyd og lys	146 000	eks mva	*50% må betales 01. mai
Sikkerhet	30 000		
Artist 1	90 000		
Artist 2	30 000		
Artist 3	50 000		
Artist 4	75 000		
Innleid dugnad	30 000		
Innkjøp varelager	30 000		
Strøm	10 000		
Sum	491 000		



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		22/407

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVIKLING AV PERMANENT HISTORISK UTSTILLING I GRENDAHUSET LJOSHEIM

Vedlegg:

Søknad BU-midler Grendahuset Ljosheim - etablering av permanent, historisk utstilling
Søknad BU-midler Grendahuset Ljosheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Husastyret for Grendahuset Ljosheim får tildelt inntil kr. 20 000,- i eingongstilskot til etablering av permanent, historisk utstilling i grendahuset.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Løyvinga vert betalt ut etter kostnadsdokumentasjon, knytt til budsjetterte utgifter.

Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte attende. Det er mogleg å søkje om utsetjing.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling etter søknad i 2022.

Husastyret for Grendahuset Ljosheim i Eksingedalen søker om kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til etablering av permanent, historisk utstilling i grendahuset. Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 100 000,- eks. mva., og det vert søkt om 50 % i finansiering.

Føremålet med utstillinga er å synleggjere og formidle kulturhistoria til ungdomshuset og lagslivet i Eksingedalen, og å skape ny aktivitet gjennom utstillinga.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaket ligg innanfor bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, og går inn for å løyve kr. 20 000,- eks. mva. som eit eingongstilskot.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling mellom søkjarar i 2022.

I søknad av 15.03.22 søker husastyret for Grendahuset Ljosheim, v/ Anna Sveinungsdotter Bergo, om kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å etablere ei permanent, historisk utstilling i grendahuset.

Det går fram av søknaden at grendahuset er 125 år i 2022. I dette høvet arbeider husastyret med utgjeving av bok og etablering av den historiske utstillinga det vert søkt om tilskot til.

Grendahuset og lagsarbeidet i Eksingedalen har ein lang og spanande tradisjon, og føremålet med utstillinga er å samle, ta vare på, synleggjere og formidle dei mange, historiske kulturskattane, ved å presentere desse i Ljosheim. I dette høvet går det fram at det har stor, lokal verdi å vise fram dei gamle, og til no, relativt utilgjengelege skattane, og å synleggjere dei for fleire.

Søklar nemner at grendahuset er eit naturleg samlingspunkt for folk i alle aldrar, og mykje brukt, gjennom ulike arrangement for både lokale og tilreisande. Ein vegg som fortel den lokale historia, vil gje ein ekstra dimensjon til huset, ved å skape engasjement, formidle kunnskap og å utvikle funksjonen som forsamlingshus.

For nærare informasjon om innhaldet i utstillinga, vert det vist til søknaden.

KOSTNADSOPPSTILLING/BUDSJETT:

Husastyret vil kjøpe tenester til fotografering, forstørring av gamle bilete, restaurering av bileterammer, innramming, design og lyssetting.

Etablering av utstillinga er kostnadsrekna til kr. 100 000,- inkl. mva., med følgjande fordeling:

· Restaurering og oppussing av gamle bilete	: kr. 9 000,-
· Fotografering og handsaming av gamle bilete	: kr. 10 000,-
· Innramming av "nye", gamle bilete, 6 stk	: kr. 9 000,-
· Innkjøp av glasmontel, 3 stk.	: kr. 18 000,-
· Innkjøp/oppsetjing av plakatar til bilete	: kr. 10 000,-
· Design av utstilling og digitalisering av informasjon	: kr. 11 000,-
· Restaurering av vegg	: kr. 5 000,-
· Lyssetjing	: kr. 3 000,-
· Uføreset	: kr. 5 000,-
· + 20 % mva	: kr. 20 000,-

Summen det vert søkt om, utgjer 50 % av kostnadsrekna utgifter. I tillegg vil det bli lagt ned stor grad av eigeninnsats (dugnad).

Formelt grunnlag

- Kommuneleova - generelle sakshandsamingsreglar.
- Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet", vedtekne 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar

Søknaden om tilskot til etablering av historisk utstilling i grendahuset på Ljosheim, er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer om krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna lag/organisasjonar).

I følge retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane vere til ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike kurs, arrangement og samlingar. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for "alle". I dette høvet vart det på strategimøtet i Bygdeutviklingsutvalet den 8. mars, semje om å leggje spesiell vekt på aktivitetsfremjande tiltak og prosjekt.


Det går fram av søknaden at utstillinga og historien om Ljosheim, kan skape ny aktivitet i huset. Dette er i mindre grad konkretiserte, og Kommunedirektøren vurderer at det er dei som nyttar huset til vanlege, som først og fremst vil få glede av utstillinga. Om tiltaket aleine vil skape ny aktivitet, er meir usikkert, men det er moglege å halde eigne temadagar og samlingar med vekt på kulturhistoria som utstillinga skal formidle. Samstundes viser planlagt tiltak at eksingedølane bryr seg om ungdomshuset sitt og den lokale historia. I dette høvet er engasjementet for å skape utstillinga både identitets- og aktivitetsskapande i seg sjølv.

Ut frå kva bygdeutviklingsmidlane skal nyttast til, vert Kommunedirektøren i tvil om tiltaket fell innanfor føremål. Storparten av gjeremåla er knytt til restaureringsarbeid og utforming av utstillinga.

I tillegg kjem informasjon og kunnskapsformidling. Tilskotet det vert søkt om, skal ikkje nyttast til aktivitet direkte, men kan likevel medverke til ny aktivitet (som er målet). Med bakgrunn i dette finn Kommunedirektøren grunnlag for å innstille på løyving av bygdeutviklingsmidlar til tiltaket.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane, og om bygder har fått tilskot tidlegare. I dette høvet har foreininga Grendahuset Ljosheim motteke kr. 100 000,- i tilskot til reparasjon av taket på huset. I tillegg er det fleire gonger tildelt midlar til andre prosjekt i dalen.

På bakgrunn av ei samla vurdering går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 20 000,- eks. mva. i tilskot. Dette utgjer 25 % av busjetterte kostnader, eks. mva (80 000,-). Løyvinga vert tildelt som eit eingongsbeløp, og vert ikkje knytt opp til ein prosentvis del av dei faktiske kostnadane.



Frå Grendahuset Ljosheim, v/Anna Sveinungsdotter Bergo
5728 Eidslandet

Til Vaksdal kommune
Bygdeutviklingsutvalet
v/Tore Henrik Øye
5722 Dalekvam

Eksingedalen, 15.mars 2022

Søknad om midlar til permanent historisk utstilling i Grendahuset Ljosheim i Eksingedalen

Husastyret for Grendahuset Ljosheim (org. Nr 922703108) søker med dette Vaksdal kommune om kr. 50.000,- i bygdeutviklingsmidlar til etablering av permanent historisk utstilling i grendahuset.

Grendahuset Ljosheim er 125 år i 2022, og husastyret arbeider både med utgjeving av bok og etablering av permanent utstilling. Ljosheim er eitt av dei eldste ungdomshusa i landet, og både huset og lagsarbeidet har ei lang og interessant historie som også har interesse langt utanfor Eksingedalen. Desse kulturskattane vil vi dokumentere og ta vare på for ettertida, gjennom å gje ut ei historisk bok og etablere permanent historisk utstilling. Me har søkt kommunen om kulturmidlar til delfinansiering av boka, og søker bygdeutviklingsmidlar til etablering av permanent utstilling i Ljosheim.

Grendahuset er eit samlingspunkt for folk i alle aldrar og er hyppig i bruk, med arrangement både lokalt og med tilreisande. Det er ein naturleg samlingsstad for å makera store hendingar i livet; konfirmasjonar, bryllaup, familiesamlingar og gravferder.

Me vil samle det me har av gamle «skattar» og gjera det tilgjengeleg for ålmenta, og gjerne også i undervisning i skulen.

Grendahuset Ljosheim, stifta 1897. Adr: Eksingedalsvegen 1080, 5728 Eidslandet.
Org. nr: 922703108. Kontonummer: 3480.17.52650

Det har stor verdi for bygda å få vist fram gamle og til no utilgjengelege kulturskattar. No er mykje anten er nedlåst eller nedpakka. Ei stor boksamling er stua vekk, og gamle protokollar og handskrivne medlemsblad er innelåst i ein safe. Der heng ein del bilete på veggen av ulike personar som må ha vore heltane til dåtida sine ungdommar, men ingen har riktig visst kven alle er og kvifor dei heng der, sjølv ikkje «innfødde» eksingedølar.

Me er redde for at formidlinga av historia skal gå tapt. Eksingedølane var tidleg ute, både med å danne bokforeining (1881), bygge ungdomshus (1897) og med å ta i bruk norsk landsmål som språk i skulen (1890), to år før lova om rett til å bruka landsmålet kom.

Ein vegg som fortel historia vil gje ein ekstra dimensjon til huset. Ei utstilling engasjerer og gjev ny kunnskap, og dette fyller rolla til huset. Bøker og kunnskap var noko som dreiv folket i Eksingedalen til bygging av ungdomshus. No kan bøkene og historia skapa ny aktivitet i huset gjennom utstillinga. Under arbeidet med boka er det komme opp mange tankar om korleis alt vart til, og det er eit spennande kulturhistorisk bakteppe med element som t.d. haugianarrørsle, målsak, nasjonalisme. Dette ynskjer ein no å stilla ut.

Planar for utstillinga:

- Restaurere og pusse opp gamle bilete og rammer
- Formidle kven som er på bileta og kvifor dei heng i grendahuset
- Fortelja om dyktige handverkarar og kunstnarar som har smykka ut huset
- Avfotografere og ramme inn «nye» gamle bilete, t.d. av kvinnene som har sett sitt preg på huset (m.a. Katharina Saltnes, Anna Flatekval) men som fram til no ikkje har fått sin plass i glas og ramme.
- Setje opp glasmontrar og stille ut bøker frå den eldste boksamlinga (1881), protokollar og møtebøker, medlemsbladet «Dølen» mm.
- Digitalisere deler av utstillinga, som t.d. kan vera QR-kodar med lenke til nettsider der ein hente meir kunnskap

Me må kjøpa tenester til fotografering, forstørring av gamle bilete, restaurering av gamle rammer, innramming av nye bilete, design og lyssetjing.

Alt anna arbeid med utstillinga (leita fram materiale, kjeldeundersøkingar mm) og skrivning av boka er basert på frivillig innsats.

Dokumentasjon på eigeninnsatsen vil framkomme gjennom det synlege resultatet.

Med venleg helsing

Anna Sveinungsdotter Bergo, leiar Husastyret

Kostnadsoverslag utstilling	Pris pr stk	Totalt inkl mva
Restaurering og oppussing av gamle bilete og rammer 6 stk	1500	9 000
Fotografering og bearbeiding av gamle bilete		10 000
Innramming av "nye" gamle bilete 6 stk	1500	9 000
Innkjøp av glassmontere til utstilling 3 stk	6000	18 000
Innkjøp og oppsetjing av plakatar til bilete og montere		10 000
Design av utstilling og digitalisering av informasjon		11 000
Restaurering av vegg		5 000
Lyssetjing		3 000
Uføresett		5 000
		80 000
Sum inkl mva		100 000
Finansieringsplan utstilling		
Bidrag frå lokale organisasjonar		10 000
BU-midlar		50 000
Kulturminnefondet (søker primo april)		40 000
SUM finansiering utstilling		100 000

Eit rom med kulturskattar:



Utstillinga skal vera på veggane i bakkant av biletet. Dette er ein vegg heilt utan vindaugo, som gjer at det høver godt til utstilling. Det skal ryddast i bilete og gjenstandar som allereie heng der, og alt skal organiserast på ein betre måte. Ein skal få med fleire bilete, informasjon og utstilling av bøker, medlemsblad m.m.

Panelet på veggen til venstre er frå 60-talet. Dette ynskjer ein ta bort, for å få fram den gamle tømmerveggen som gøymer seg bakom. Slik vil denne veggen hengja saman med utstillinga på veggen bak.

Kven er mannen som heng over døra? Og kvifor heng dette biletet her?

Teppa som heng oppunder taket er vovne av Anna Flatekval då huset var nytt. At kvinner lærte seg å plantefarga og veva for å smykka ut huset fortel ikkje veggane i Ljosheim av seg sjølv.

Forteljinga om treskjeraren Katarina Saltnes som sette preg på bygget er det få som kjenner til. Ho har skore ut det store drikkehornet på bakveggen, og lærte andre opp i treskjerarkunsten. Desse to kvinnene vil me trekkja fram.




Oppstarten til ungdomslaget var «Flatekvåls Bokforeining» frå 1881.

«Føremålet med laget var ved opplesing, foredrag og utlån av gode bøker å fremja lære og arbeidshug hos alle, helst ungdommen. Kveikja fedrelandskjærleiken og fremja kjennskapen til saga og bokavlen».

Det første året kjøpte dei inn 51 bøker.

Og dei skriv sine egne lagsblad. Dølen var bladet for Dølalaget, medan Fjellguten var lagsbladet til Fjellbuen / seinare Eksingedalen ungdomslag for øvre del av Eksingedalen.

Noko av dette ynskjer ein stilla ut i montrar og fortelja om.



Grendahuset Ljosheim, stifta 1897. Adr: Eksingedalsvegen 1080, 5728 Eidslandet.
Org. nr: 922703108. Kontonummer: 3480.17.52650

Kven er denne karen?

Kvifor har han fått plass i den nydelege ramma som er skore ut av Katarina Saltnes eller Andreas Høvik.

Kvifor har han vore her på veggen i over hundre år?



Eitt av dei få bileta av det nybygde grendahuset, tatt rundt år 1900. Fotofagleg dårleg, men viktig som dokumentasjon.

*Grendahuset Ljosheim, stifta 1897. Adr: Eksingedalsvegen 1080, 5728 Eidslandet.
Org. nr: 922703108. Kontonummer: 3480.17.52650*



Andres Lavik i ærverdig ramme som må restaurerast.
Han var kyrkjebyggjar og ein av opphavsmennene til ungdomshuset.
Kven han var, det må også forteljast.



Arne Garborg. Inspirator både for nynorsk språk og nasjonalkjensle Ramma er skore i Eksingedalen tidleg på 1900-talet.

*Grendahuset Ljosheim, stifta 1897. Adr: Eksingedalsvegen 1080, 5728 Eidslandet.
Org. nr: 922703108. Kontonummer: 3480.17.52650*

Fra: Anna Bergo <annabergo@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 15. mars 2022 13:25
Til: Tore Henrik Øye
Emne: Søknad BU-midler Grendahuset Ljosheim
Vedlegg: Søknad BU-midler 2022 (1).pdf

Hei!

Vedlagt ligg søknad om bygdeutviklingsmidlar frå Grendahuset Ljosheim.

Ha ein fin dag!

Mvh Anna Sveinungsdotter Bergo
Leiar, husastyret
Grendahuset Ljosheim



SAKSPAPIR

Saksnr	Utvål	Type	Dato
11/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223	22/320

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å GJERE "BRØRVIKSKUTO" SJØDYKTIG ATT - KOLFYRPROSJEKTET

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Kolfyrprosjektet - å gjera "Brørvikskuto" sjødyktig att
Budsjett_kolfyr

Ettersending av informasjon om bruk av "Brørvikskuto" til aktivitetar - søknadsgrunnlag BUU

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stiftinga Brørvikskuto, v/ styreleiar Anne Mari Hannisdal, får tildelt inntil kr. 100 000,- i tilskot til reparasjonsarbeid for å gjere "Brørvikskuto" sjødyktig att. Løyvinga utgjør 25 % av budsjetterte kostnader på kr. 410 480,-.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2022.

Vilkåret for løyvinga er at "Brørvikskuto" vert nytta til kulturformidling gjennom prosjekt, tiltak og samlingar som involverer ålmenta.

Løyvinga vert betalt ut etter kostnadsdokumentasjon. Løyvinga gjeld ut 2023. Etter dette vert midlane trekte inne att. Det kan søkjast om utsetjing.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling etter søknad i 2022.

Stiftinga Brørvikskuto søker om kr. 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til reparasjonsarbeid for å gjere "Brørvikskuto" sjødyktig att. Skuta skal nytast til kulturformidling, speiselt ovanfor born og unge, etter at ho er kome på sjøen.

Reparasjonsarbeidet er kostnadsrekna til kr. 401 480,- (faktiske utgifter + verdien av dugnadsarbeid).

Søknaden om tilskot utgjør ¼ av kostnaden.

Med bakgrunn i at "Brørvikskuto" skal nyttast til å involvere ålmenta på ulike måtar, finn Kommune-direktøren at søknaden er i samsvar med føremålet som bygdeutviklingsmidlane skal fremja.

Kommunedirektøren går inn for å løyve inntil kr. 100 000,- i tilskot til reparasjonsarbeidet, i tråd med søknaden frå Stiftinga Brørvikskuto.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling mellom søkjarar i 2022.

I søknad av 03.03.22 søker Stiftinga Brørvikskuto, v/ Anne Mari Hannisdal og Oddvar Bukkestein, om kr. 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar for å gjere "Brørvikskuto" sjødyktig att (reparasjonsarbeid).

Det går fram av søknaden at "Brørvikskuto" er ei 40 fot lang jekt, heimehøyrande på Stamnes. Jekta er av ein type som var vanleg i indre strøk av Nordhordland, og den er soleis historisk, representativ for området.

I følgje søkjar vart "Brørvikskuto", som den einasta i sitt slag, sjøsett og drifta av veneforeininga Skutefolket, kvart år i perioden 2002 -2020. Dette vart gjort gjennom ei omfattande kulturformidling, spesielt retta mot born og unge. I tillegg har skuta promotert stamnesbygda og heimkommunen, mellom anna gjennom deltaking på festivalar og innslag i "Norge Rundt". Skuta har òg fungert som ein lokal identitetsskapar.

Ved klargjering av "Brørvikskuto" for sjøsetting etter pandemien, vart det avdekka soppangrep som gjorde at ho ikkje kunne setjast på sjøen før reparasjon er gjennomført. Medlemar av "Skutefolket" har difor sett i gong ei omfattande vøling på dugnad, etter rettleiing frå kunnig tradisjonsbåtbyggjar.

Intensjonen er å få "Brørvikskuto" på sjøen att i 2023, med mål om aktiv bruk og kulturformidling. I denne samanheng ligg følgjande planar føre:

- Stiftinga og "Skutefolket" vil ta opp att det årlege samarbeidet med Lyngheisenteret på Lygra, der skuleklassar får lære om skuta og sjømannskap, og å vere med på å sigla og ro.
- Det er òg planar om å ta opp att samarbeidet med kyrkja i Vaksdal kommune, der born får vere med skuta i Veafjorden, med landgang på Kvamsholmen for grilling og andre aktivitetar.
- I tillegg er tanken å ta opp att samarbeidet med Stamnes kultur dagar/Fiskefestivalen, der både born og vaksne får vere med - og fiske frå - "Brørvikskuto".
- Stiftinga og "Skutefolket" er elles innstilt på andre opplegg i lokalmiljøet, og alltid opne for forslag.

- Skuta vil dessutan halde fram med å delta på tilstellingar andre stader, som på Torgdag, Nordsteam, Hansadagane og Sandsviksdagane i Bergen, og kystsogedagar og råsegl-seminar i regi av Forbundet Kysten.

Restaureringsarbeidet fører med seg ein del utgifter, og for å nå målet om sjøsetting, vert det søkt om delfinansiering frå Bygdeutviklingsutvalet.

Vedlagt oppsett for faktiske kostnader, viser følgjande:

· Kostnader per 1. mars 2022	: kr. 18 100,-
· <u>Kostnader som står att</u>	<u>: kr. 143 380,-</u>
· SUM	: kr 161 480

Verdien av eige arbeid/dugnadsarbeid, er rekna til:

· Gjennomført arbeid (465 t , a kr 250,-)	: kr. 116 220,-
· <u>Attståande arbeid (495 t, a kr 250,-/t)</u>	<u>: kr. 123 750,-</u>
· SUM	: kr. 240 000,-

Total kostnad (utgifter + dugnad) er kostnadsrekna til kr. 401 480-. Nærare spesifisering går fram av vedlegg.

Med bakgrunn i kostnadsoverslaget utgjør søknaden om kr. 100 000,- i tilskot, 62 % av faktiske kostnader og 25 % av totale kostnader (inkludert dugnad).

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet”, vedtekne 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar

Søknaden om tilskot til vøling av “Brørvikskuto” innfrir tilskotsordninga sine retningslinjer om krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna lag/organisasjonar).

I følgje retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane vere til ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike prosjekt, arrangement og møteplassar. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for “alle”. I dette høvet vart det på strategimøtet i Bygdeutviklingsutvalet den 8. mars, semje om å leggje spesiell vekt på aktivitetsfremjande tiltak og prosjekt.

Vølinga av «Brørvikskuto» skapar ikkje aktivitet i seg sjølv, men gjev grunnlag for framtidig aktivitets- og opplevingstilbod, med lokal historie- og kulturformidling. I dette høvet har søkjar

konkrete mål om å nytte skuta aktivt, mellom anna i opplæringssamanheng ovanfor den yngre generasjonen. Planane som ligg føre, er mange og varierte.

Kommunedirektøren ser på praktisk bruk av «Brørvikskuto», med involvering av ålmenta, som avgjerande for å kunne gje tilskot til reparasjonsarbeidet. Den store dugnadsinnsatsen for å vøle skuta, er prisverdig og verdfull i seg sjølv, gjennom vidareføring av tradisjonshandverk og båtbyggjarkunst. Men sjølve arbeidet fell likevel utanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, etter Kommunedirektøren si vurdering. Planane om framtidige tiltak, gjev derimot grunnlag for å løyve midlar.

Bygdeutviklingsmidlane sine retningslinjer seier at det skal takast omsyn til geografisk fordeling ved bruk av midlane, og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Det er gjeve midlar til fleire tiltak kring Stamnes, men ikkje av liknande karakter. Tidlegare løyvingar vert ikkje vesentleg vektlagt ved handsaming av søknaden.

Kommunedirektøren går inn for å løyve inntil kr. 100 000,- til reparasjonen av «Brørvikskuto». Utbetaling vert gjort etter kostnadsdokumentasjon.

STIFTINGA BRØRVIKSKUTO

Org.nr. 984 711 379 Bankkonto nr.: 3632.59.69975

Postadresse: Stiftinga Brørvikskuto, c/o Osterøy Museum, 5282 LONEVÅG. Tlf. 904 19 225

Styreleiar: Anne-Mari Hannisdal

E-post: anne-mari.hannisdal@muho.no Mobil Anne-Mari: 995 22 014

Til

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune

Kolfyrprosjektet – å gjera «Brørvikskuto» sjødyktig att

Stiftinga Brørvikskuto søker med dette Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune om kr 100 000.- til istandsetjing av «Brørvikskuto».

«Brørvikskuto» er heimehøyrande på Stamnes, og er ei 40 fot lang jekt av ein type som før i tida var vanleg i dei indre delane av Nordhordland. Kvart år sidan 2002, og fram til pandemiåret 2020, vart ho som den einaste skuta i sitt slag sjøsett og drifta av veneforeininga Skutefolket. Dei har i alle år drive ei omfemnande kulturformidling, i hovudsak retta mot born og ungdom. Dessutan har skuta vore med på å promotera heimbygda og heimkommunen gjennom deltaking på ymse festivalar og TV-program. Ein kan vel trygt seia at ho har fungert som ein identitetsskapar i lokalmiljøet. Meir informasjon om skuta og stiftinga finn de på denne nettsida: www.brorvikskuto.no.

Etter at pandemien sette ein stoppar for drift i 2020, var det med stor optimisme me sette i gong med å klargjera for sjøsetjing i 2021. Men då vart det oppdaga noko som vart eit hardt slag for oss alle. Skuta var sterkt angripen av kolfyr, og var difor ikkje sjødyktig. Kolfyr er ein brunrøtesopp som i visse fall kan fylgja med trevirket frå skogen. Han utviklar seg langsamt og treng lite fukt. Han bryt ned trevirket frå innsida, og på yta ser ein ikkje noko før det er for seint. Skutefolket har kvart år brukt mange dugnadstimar på vedlikehaldet, og skuta har vorte lagra turt i eige naust kvar vinter. Det er med andre ord ikkje dårleg vedlikehald som er årsak til skaden.

Me fekk ein representant frå Fartøyvernssenteret i Norheimsund til å inspisera skuta. Han kunne slå fast at det ville verta svært dyrt dersom dei skulle vøla ho. Dyrare enn det me kunne makta, og meir enn kva me kunne venta å få av tilskot. Då var det at denne ideen vart sett fram: Kva om me gjer det sjølve? Kva om me legg til grunn eitt av punkta i stiftinga sine vedtekter? Der står det at skuta skal vera ein kunnskapsarena. Dersom me leiger inn ein røynd båtbyggjar som rettleiar, og gjer so mykje som mogeleg av arbeidet sjølve, vil me då kunna klara det? Det viste seg at ei gruppe nevenyttige medlemmer i Skutefolket vart oppglødde for ideen.

Nokre veker seinare sette dei i gong under leiing av Ola Kristoffer Kvamme. Dei skrapa heile skuta rein for tjøre innvendig og delvis utvendig. Dei impregnerte deretter med Boracol 20 for å hindra spreing. Dei demonterte dei angripne spanta og teikna skantar. Deretter gjekk dei i skogen og leita fram gode emne, både til bord og til nye spant. God og tettvaksen furu, med lite kvist og mykje al, vart felt. Materialen vart skoren og ligg no til turk og ventar på å verta høvla. Det er gjort avtale med den kjende tradisjonsbåtbyggjaren Bjørn Ådne Kvalvik frå Fedje. Han vil etter planen koma fleire gonger for å hjelpa til med arbeidet og rettleia. Leiar for prosjektet er Ola Kristoffer Kvamme, og spørsmål kan rettast til han på telefon 971 42 085 eller på e-post kvammeo@online.no.

STIFTINGA BRØRVIKSKUTO

Som det går fram av budsjettet, er søknadssummen om lag ein firedel av den totale kostnaden, inkludert verdi av dugnad. Me trur at Bygdeutviklingsutvalet veit å verdsetja pågangsmotet og arbeidet som er gjort, og at de skjønar kor mykje «Brørvikskuto» har å seia for lokalsamfunnet. Her vil de òg kunna vera med på å stø formidlinga av den lokale båtbyggjartradisjonen slik at denne viktige handlingsborne kunnskapen vert vidareført.

Dersom finansieringa kjem på plass, er målet å få skuta på sjøen att i 2023. Meldinga frå kolfyrgjengen er i alle fall klår: «Detta ska' me klara!»

Med venleg helsing
Stiftinga Brørvikskuto

Stamnes, 3. mars 2022



Oddvar A. Bukkestein
Styremedlem



Anne Mari Hannisdal
Styreleiar

Budsjett for kolfyrprosjektet - Stiftinga Brørvikskuto

*For å synleggjera verdien av dugnaden har me lagt til grunn ein timesats på 250 kr.

	Kostnad	Dugnads- timar	Verdi av dugnad*
Slipemaskin, sliveskiver og skraper	4 800	0	0
25 liter impregneringsmiddel Boracol 20	8 300	0	0
Verneutsryr, hanskar, masker, briller	1 500	0	0
Dugnad skraping	0	140	35 000
Dugnad impregnering, 6 strøk	0	45	11 250
Båtskyss Stamnes/Kvamsholmen i samb. med skraping/impregnering	3 500	0	0
Leiting og hogging av krokete spanteemne	0	100	25 000
Leiting og hogging av to store furuer til båtbord	0	40	10 000
Draging av båtbord or skogen og legging på strø	0	40	10 000
Saging av spant og båtabord	0	100	25 000
Kostnader og dugnadsarbeid som er slutført pr. 1. mars 2022	18 100	465	116 250
Innkjøp av el-høvel og verktøy til vølinga	14 000	0	0
Båtsaum, roer, skruar, spikar	5 000	0	0
Innleige av båtbyggjar/retteiar, 145 timar à 644 kr inkl.mva.	93 380	0	0
Reiseutlegg båtbyggjar	3 500	0	0
Losji båtbyggjar	6 000	0	0
Tørking av materialar (straumutlegg)	4 000	0	0
Kjøp av skog på rot	4 000	0	0
Båtskyss Stamnes/Kvamsholmen i samband med vølinga	12 000	0	0
Drivstoff til aggregat	1 500	0	0
Rigging, arbeidsbenk, laga stimrenne for båtbord	0	50	12 500
Uttaking av røtne båtbord og spant	0	60	15 000
Tilpassing og innsetjing av nye båtbord	0	250	62 500
Tilpassing og innsetjing av nye spant	0	85	21 250
Planlegging og administrasjon	0	50	12 500
Kostnader og dugnadsarbeid som står att pr. 1. mars 2022:	143 380	495	123 750
Totalt for prosjektet:	161 480	960	240 000

Sum kostnad og verdi av dugnad: 401 480 kr

Fra: Oddvar A. Bukkestein <od-bukke@online.no>
Sendt: torsdag 24. mars 2022 16:10
Til: Tore Henrik Øye
Emne: SV: Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Brørvikskuto

Hei

Me vil halda fram med kulturformidling retta mot born og unge. Det vil mellom anna seia at at me tek opp att det årlege samarbeidet med Lyngheisenteret på Lygra. Dette går over fleire dagar. Der får skuleklassar læra om skuta og saga hennar. Dei òg får vera med å sigla, ro og læra om sjømannskap og tryggleik på sjøen. Me vil dessutan ta opp att det årlege samarbeidet med kyrkja i Vaksdal kommune, der tolvåringar får vera med skuta frå Stamnes og i Veafjorden, med landgang på Kvamsholmen med grilling etc. Me vil òg ta opp att samarbeidet med Stamnes kulturdagar/Fiskefestival. Der vil dei som ikkje har båt kunna vera med «Brørvikskuto» og fiska i fiskekonkurransen. Det er eit populært tilbod både til born og vaksne. Me har hatt mange andre opplegg i lokalmiljøet, og me er alltid opne for gode forslag. Til dømes har ungdomsklubben på Stamnes vore nemnt som ein mogeleg samarbeidspartnar. Det ser i alle fall ut til å ha vore ei minnerik oppleving for dei som har vore med.

Skuta vil dessutan halda fram med å delta på tilstellingar andre stader, som til dømes i Bergen på Torgdagen, Nordsteam, Hansadagene og Sandviksdagene. Der vert skuta presentert for eit større publikum. Skuta vil òg halda fram med å delta på arrangement i regi av Forbundet Kysten, som til dømes kystsogedagar og råsegl-seminar. Det er verd å merka seg at all drift er basert på dugnad, og at det er gratis for dei som er med. Dugnadsfolket kjem frå ulike stader i kommunen.

Med venleg helsing

Oddvar A. Bukkestein

Bukkestein 8
5727 Stamnes

E-post: od-bukke@online.no

Telefon: 481 58 816

Fra: [Tore Henrik Øye](#)

Sendt: torsdag 24. mars 2022 kl. 12:30

Til: [Oddvar A. Bukkestein](#)

Emne: Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Brørvikskuto

Hei, Oddvar, og takk for søknad.

Er det mogleg å ettersende litt informasjon om korleis de tenkjer å bruke Brørvikskuto framover, gjerne konkretisert med døme på moglege gjeremål/planar. Berre kort!
Vis gjerne også til korleis den har vore brukt.

Vennleg helsing

Tore Henrik Øye

Rådgjevar landbruk

91 12 73 37

tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no

<http://vaksdal.kommune.no>



VAKSDAL KOMMUNE

Inngående og utgåande e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2022	Bygdeutviklingsutvalet	PS	19.04.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223	22/388

HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV KLAPPSTOLAR FOR BRUK PÅ "VINTERTREFFET" - VAKSDAL UNDERHALDNINGSLAG

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Klappstolar til Samfunnshuset på Vaksdal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjev bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag for å kjøpe inn klappstolar til bruk på «Vintertreffet».

Grunngjevinga er at tiltaket sin karakter fell utanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, jf. «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling»

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- til fordeling etter søknad i 2022.

Vaksdal Underhaldningslag søker om kr. 18 900,- inkl. mva. til bruk på «Vintertreffet» og i andre samanhengar.

Kommunedirektøren vurderer at søknaden fell utanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og innstiller ikkje på tildeling av midlar.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med kr. 500 000,- til fordeling mellom søkerar i 2022.

Vaksdal Underhaldningslag, v/Odd Berge, søker om kr. 18 900,- inkl. mva til å kjøpe inn 50 nye klappstolar med stablevogn til Samfunnshuset på Vaksdal. Stolane skal brukast på «Vintertreffet»

2022, og komande arrangement.

Søkjar skriv at ungdomslaget i løpet av dei siste 10 åra, har kjøpt og betalt 150 klappstolar til bruk på «Vintertreffet», som også er nytta på andre arrangement. På grunn av slitasje og tryggleikssyn, ønskjer no underhaldningslaget å supplere med 50 nye stolar. Innhenta pristilbod viser at prisen vert kr. 15 120,- eks. mva. og kr. 18 900,- inkl. mva. I dette høvet vert det søkt om 100 % finansiering frå Bygdeutviklingsutvalet.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet”, vedtekne 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden om tilskot til innkjøp av klappstolar er i samsvar med tilskotsordninga sine retningslinjer om krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna lag/organisasjonar).

I følgje retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane vere til ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv, mellom anna i form av ulike kurs, møteplassar og samlingar. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for “alle”. Det vert lagt vekt på aktivitets-fremjande tiltak og prosjekt. Midlane kan ikkje nyttast til generell drift.

«Vintertreffet» på Vaksdal er eit svært flott og populært kulturarrangement, som når alle i kommunen til felles aktivitet og underhaldning.

I følgje retningslinjene kan bygdeutviklingsmidlane nyttast til materiell, utstyr og opprusting knytt til ulike prosjekt og stader.

Når det gjeld søknaden om midlar til å kjøpe inn stolar, vert tiltaket sett på som innkjøp av fast inventar til drift og vedlikehald, og ikkje til å utvikle innhaldet på «Vintertreffet». I dette høvet vurderer Kommunedirektøren at tiltaket ligg på sida av bygdeutviklingsmidlane sitt føremål, sjølv om publikum vil ha nytte av innkjøpet.

Det er ved tidlegare høve gjeve bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av ulikt materiell i regi av andre søkjarar, som benker og bord til rasteplassar, datautstyr til ungdomsklubbar, inventar/artiklar til lokale møteplassar, spesielt for born og unge, og utstyr til ulike aktivitetar i bygdene. Desse tiltaka vert vurdert til å ha ein annan karakter enn tiltaket underhaldningslaget søker om tilskot til. I dette høve vil det vere meir naturleg å nytte bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av materielle/utstyr av teknisk eller formidlingsmessig art, som er med å utviklar innhaldet på Vintertreffet.

Retningslinjene seier at det skal søkjast ei fordeling mellom bygdene/staden i kommunen ved tildeling av midlar. Bygda Vaksdal har ikkje fått tilskot tidlegare, etter kva Kommunedirektøren erfarer.

På bakgrunn av ei samla vurdering, innstiller ikkje Kommunedirektøren på å løyve midlar til innkjøp av klappstolar.

Fra: Odd Berge <odd.berge@hotmail.com>
Sendt: tirsdag 22. mars 2022 12:17
Til: Postmottak Vaksdal
Kopi: vintertreffet123@gmail.com
Emne: Bygdeutviklingsmidler.

Hei.

I samband med avviklinga av Vintertreff 21-23april, 2022, ynskjer Vaksdal Underhaldningslag å kjøpa inn fleire klappstoler til Samfunnshuset på Vaksdal. I mange år måtte me låna stolar frå samfunnshuset på Stanghelle . For ca 10 år sidan fekk me ikkje lov til det lengre. Det var et lite antal stolar i samfunnshuset på Vaksdal og me hadde bruk for fleire. Me kjøpte 100 klappstoler som er mykje bedre egna dersom det skulle oppstå ei hendig der folk må evakuerast. For 5 år sidan kjøpte me 50 til slik at det no er ca 150 klappstoler, dette er stolar som Underhaldningslaget har betalt, men som alle får nytta. Og 150 av gamle typen, i Samfunnshuset. På grunn av slitasje på dei eldste stolane og sikkerhet, ynskjer me supplera med 50 stk klappstolar og stablevogn.

Me har fått ein pris frå Aj produkter på kr 15120. Eks moms og fri frakt. Totalt kr 18900 inkl moms.

Vaksdal Underhaldningslag ynskjer at dette vert dekket av bygdeutviklingsmidler.

Helsing for Vaksdal Underhaldningslag Odd Berge.

Sendt fra min iPhone